



Det vart fort fullt på dansegolvet under bryggjedansen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiinga i båtlaget var godt fornøgd etter den årlege bryggjedansen på laurdagskvelden. Det ga formann Harald Erdal uttrykk for då han ved midnatt kunne konstatera at festlyden hadde passert 400. Men det kom fleire på dansen i fjor, faktisk nærare 500.

Dei som kom fekk ei fin, sommarleg oppleving under ideelle vertilhøve. Og "arenaen" på utsida av båtlaghuset er ideell for slike arrangement.

Også dette året var det EDO som spela og det er all grunn til å ta av seg hatten for dei etterkvart aldrande gutane.. Tiltross for at bandet no har halde det gåande i meir enn 30 år er det ingen teikn på at åra etterkvart gjer sin verknad.

EDO er framleis eitt av dei beste dansebanda på Vestlandet.

Når det gjeld den "tekniske avviklinga" var den prikkfri. Dei som gjorde teneste som vaktmannskap gjorde det dei skulle gjera.

Bryggjedansen har vorte ein sikker tradisjon i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen